

ÅRSMELDING

for Rasdalen grendalag

2006/2007

Innleiing

Årsmøtet for 2005/06 vart avvikla i grendahuset 13.04.06. På dette årsmøtet vart det gjort ein del endringar når det gjaldt samansetjinga av styret.

Styret vart samansett slik :

Leiar : Terje Rasdal

Styremedlemmer : Ingfrid Rasdal, Arild Skjelbred, Frøydis Eide og Jan Rasdal

Varamedlemmer : Frode Tufte, Paal Rasdal

Revisor : Bergljot Tufte

Valnemd : Styret skal fungera som valnemd.

Møteverksemd

På årsmøtet i april 2006 vart det teke opp ein god del saker som er fylgde opp av styret i etterkant. Det fyrste styremøtet til det nye styret var sett til **27.05.06**, der styret konstituerte seg og gjekk gjennom ei rikholdig sakliste. Det vart bestemt å ha to styremøte i året, eitt om våren (mai) og eitt om hausten (september/oktober). I tillegg har det i løpet av året også ofte vore meir uformell kommunikasjon medlemmene imellom, i form av telefonsamtalar, sms, e-post og elles mange samtalar.

Det andre styremøtet gjekk av stabelen **21.10.06**, også dette møtet med mange saker på saklista.

Til orientering har styret samla saklister til styremøte, referat, skriv og diverse kommunikasjon i hefte som er lagt ut til gjennomsyn her på årsmøtet. I denne årsmeldinga vil det verta for omfattande å koma inn på absolutt alle saker som er vortne tekne opp og diskutert i styret i løpet av året. Derfor vil det vidare i årsmeldinga verta sett fokus på eit utsnitt av

saker som me i styret synest er viktige for grendalaget - og som kan ha interesse for alle medlemmene.

Informasjon

Det må også understreka at det ligg mykje informasjon ute på Rasdalssidene, www.rasdalen.no, som Arild er ansvarleg for. Som webmaster gjer han eit viktig og stort arbeid med å leggja ut bilete og annan nyttig informasjon – til glede for alle dei som er interesserte i Rasdalen. Grendalaget har også eigne sider her, og dei skal me prøva å bruka meir aktivt enn det som har vore tilfelle til no. Det vart m.a. lagt ut eit nyheitsskriv frå grendalaget 10.03.07, der lesarane fekk ei oppdatering i høve til saker som styret har engasjert seg i. Denne årsmeldinga er også lagt ut på dei same sidene – det er berre å logga seg på og sjekka.

Saker det har vore arbeidd med

*** Kontingent – innbetaling/rutinar**

Her vil me ha ei ordning der kasserar er ansvarleg og sender ut krav om innbetaling ein gong i året (juli/august).

Satsane er : Hovudmedlem : 100 kr, familiemedlem : 50 kr og husstand : 200 kr.

*** Posten til Rasdalen**

Dette har vore ei heller "tung" sak, posten køyrer ikkje lenger opp i Rasdalen – sjølv om dei vart lagde under hardt press. I fjor sommar skaffa Arild kasser både på Roningen og i Tarane. Paal har (som vanleg når det gjeld slike oppdrag), fått i oppdrag å laga eit postkassestativ som skal stå på Roningen. Dette flotte og store stativet er no kome opp i alt sitt velde. Då vert det opp til oss her i dalen å få til ei ordning som fungerer med å få posten fram, som det så fint heiter.

*** Rydding av stølsvegen frå Rørbakken til Bakkastølen**

Frøydis og Jogeir har gjort eit stort og imponerande arbeid i samband med denne ryddinga. Framleis gjenstår det dessverre for grendalaget å få hand på dei midlane som er lova oss, men me reknar med at dette skal ordna seg i løpet av nærmaste framtid. Arild har fått totalhavari på

datamaskinen der bileta frå ryddinga av stølsvegen låg, men så snart forholda vert gode nok, kjem han til å ta nye bilete som dokumentasjon i søknaden som skal verta sendt. Det er snakk om å få tildelt 6000-7000 kr i kommunale midlar, og det er viktige kroner for grendalaget.

*** Grendahuset – og det elektriske anlegget**

Den 30.mai 2006 hadde Voss Energi inspeksjon av det elektriske anlegget på grendahuset. Det vart påvist ein god del feil, og desse vart formulert i eit skriv som grendalaget fekk tilsendt. Feila er nå utbetra, og anlegget er godkjent.

*** Parkeringsplassen i Øvre Rasdal**

Denne saka er eit godt døme på at det ikkje alltid går så tregt med å få saker og ting gjennomførte. Me søkte midlar frå Grunneigarlaget, fekk dei sporenstreks – og arbeidet vart raskt sett i gong av Jan og Jaran i fjor sommar. Parkeringsforholda inne i Dalen kom seg monaleg, så dette prosjektet kan grendalaget seia seg nøgd med. Men me ser også at det på sikt er behov for fleire parkeringsplassar, både i Nedre og i Øvre Rasdal.

*** Isolering av kjellaren i grendahuset**

Me har tidlegare om vintrane vore plaga med at det har frose og gått på skade laus under kuldeperiodar. No har Jan isolert kjellaren, så då får me håpa at desse problema forhåpentlegvis er løyste for alltid. Geir har gjeve oss ein god del isolasjonsplater, slik at grendalaget såleis sparte nokre kroner til innkjøp av materiale til dette arbeidet.

*** Sommarfesten 2006**

Det kom inn nærmare 8500 kr på denne festen, noko som me sjølvsagt er nøgde med. Styret har diskutert opplegget for denne festen, og ynskjer gjerne litt fleire aktivitetar + eit litt meir lydhøyrte publikum når det skal framførast noko. På dette årsmøtet lyt me også bestemma tidspunktet for sommarfesten 2007, og gjerne finna nye medlemmer til festkomitéen. Det må også understrekast at tradisjonen med sommarfesten er viktig med tanke på samhald og sosialt engasjement i dalen.

*** Arbeid på badet**

Arne Unneland og Jan O.Larsen har sommaren 2006 sett inn ny ventil på badet. Dei har også rusta opp det same etablissementet på ein fin måte, og det arbeidet er me også nøgde med. Informasjonsplakat er også sett opp, der pris for dusjing (20 kr) og oppfordring om å rydda og å ordna opp etter seg vert påpeika.

Paal Rasdal har også laga tre nye benker til grendahuset. Det har nemleg vore problem å få plassert folk på større arrangement, som t.d. påskebasaren.

*** Påskebasaren 2006**

Denne basaren, som vert arrangert påskeaftan, har for lengst funne si form, og basaren er nok den viktigaste økonomiske "melkekua" for Rasdalen grendalag. Basarkomiteén osar av rutine, og dei skal også ha honnør for godt utført arbeid gjennom mange år.

Det same må også seiast om Geir sitt arbeid og engasjement i høve til arrangering av det tradisjonelle Påskerennet.

*** Økonomien til grendalaget**

Det siste året har me hatt ei kjensle av å ha ein viss kontroll med økonomien. Inntekter og utgifter har har "oppført" seg på kontrollert vis, og det gjer det også lettare for styret å driva og å halda oppe aktiviteten i grendalaget. Me synest at det er greitt og naturleg med dugnadsarbeid, men me vil samstundes også ha auge til dei som evt. legg ned eit større arbeid. I året som gjekk har me såleis fått honorert eit gravearbeid som låg ein del år tilbake i tid. Styret ser også at det også i år kan vera aktuelt å betala ut honorar for arbeid – så sant me ikkje går på eit økonomisk "krakk". Elles kjem kasseraren attende til dette emnet under "Rekneskap" på saklista.

*** Vedtektene til grendalaget**

Desse vart vedtekne på årsmøtet i grendalaget 17.04.03. No er det slik at vedtektene er skrivne på bokmål, og det er ikkje heilt i samsvar med at Rasdalen ligg i eit nynorskdistrikt. Ingfrid har teke på seg å "omsetja" vedtektene, og dette arbeidet er no fullført. Gjennom dette arbeidet er det registrert formuleringar som truleg må reviderast, dette tek styret sikte på å leggja fram på årsmøtet i 2008.

* Bosset på Roningen

I fjor sommar var forholda nede på Roningen ofte ufyslege rundt dei to små boss-containerane som står der. Bosset flaut p.g.a. for liten kapasitet, men også fordi bygdefolk - eller andre - også brukte containerane til å dumpa ulike typar boss i. Grendalaget sende brev til IHM (Indre Hordaland Miljøverk) 26.10.06 der me påpeika desse forholda. Me fekk – merkeleg nok – ikkje svar på dette skrivet, men har seinare vore i kontakt med miljøverket i samband med neste punkt i årsmeldinga.

* Renovasjonsordninga frå IHM (Indre Hordaland Miljøverk)

Dette er nok den saka som har sett gemytta mest i kok i denne perioden, og det ikkje utan grunn. Dei nye gebyrsatsane slo ned som ei bombe ut på nyåret, og for grendalaget var det berre å ta tak i problematikken med ein gong. Fyrst hadde leiaren i grendalaget telefonisk kontakt med driftssjef Gunnar Bråten i IHM, og seinare (05.02.) sende styret i grendalaget eit skriv til det same miljøverket. Me påpeika m.a. at særleg det høgaste gebyret for hytter er sett urimeleg høgt, og ikkje minst at arealgrensa for *fritidsbustader, høg*, var sett alt for låg. (50 kvm) På dette skrivet fekk me faktisk svar frå IHM v/Kåre Flatlandsmo. I slutten av dette svaret står det slik formulert : "Generelt kan vi seie at ei hytte som er mindre enn 80 kvm, med innlagt straum og veg fram, vil få eit middelgebyr på 1335 kr inkl.mva. dersom denne ordninga vert vedteken." På dette punktet har heldigvis fornuften sigra, slik at dei hyttene i Rasdalen som er sett i høgaste gebyrklasse, vil verta nedklassifiserte til middelgebyr. (1335 kr) Styret har allereie sjekka dette med ein hytteeigar i Øvre Rasdal, der hytta vart sett i høgaste gebyrklasse, og denne hytta er no sett ned til middelgebyret.

Når det gjeld problematikken i høve til container, vert det formulert slik i det same skrivet : "Dykkar krav om å få utplassert ein container i Rasdalen om sumaren, vil vi førebels ikkje kommentere annleis enn at det vil bli vurdert. Kapasiteten på containeren nederst i Rasdalsvegen vil vi følgje nøye."

Det har vore mykje rabalder omkring denne saka, og avisinnlegga i "Hordaland" har vore mange og gode. Me synest at både kommunen og IHM har sett seg sjølv i ei heller ugunstig stilling, det er ikkje på denne måten ein skapar "goodwill", godt samarbeid og nøgde brukarar. Det å ha ei god renovasjonsordning er me sjølv sagt positive til, men det må også vera grenser for kva hyttene i Rasdalen – og andre stader – skal måtta betala for ei slik ordning.

Styret i grendalaget vil fylgja med vidare i denne saka, og me skal lova å ta tak i evt. nye problem/utfordringar som skulle dukka opp. Elles er det å visa til dei skriva som er lagde ut til gjennomsyn.

Vurdering av arbeidsåret

Styret vil fyrst få påpeika at me synest det er gjort ganske mykje i grendalaget sin regi i løpet av det året som har gått. Lista over saker det har vore arbeidd med, skulle vera prov for denne påstanden. Det må også poengterast at det utan tvil er ein føremon å ha eit styre som kjenner Rasdalen godt, og som i tillegg ganske ofte er å sjå i dette området. Dermed vert arbeidssituasjonen i utgangspunktet lettare for styret i grendalaget. Utanom styremøta har det som tidlegare sagt, ofte vore uformell kommunikasjon medlemmene imellom.

Som leiar ser eg ein stor føremon med å vera med i eit styre som er operativt og som er råd å få kontakt med, då vert det utan tvil lettare å følgja opp dei sakene som står på listene våre. I funksjonen som leiar meiner eg at noko av det viktigaste er å trekkja i trådar, koordinera, organisera og ikkje minst : å delegera arbeid.

Styret vil også leggja stor vekt på å trekkja inn så mange personar som mogeleg i ulikt arbeid som må gjerast, slik at det ikkje berre vert dei same som går opp att – og som til slutt kanskje går lei. Når det gjeld dette området, har me nok eit aldri så lite utviklingspotensiale, som det så fint heiter. Men det er utan tvil lettare å skapa engasjement og interesse omkring ei sak når folk føler at dei er delaktige, og når dei får høve til å yta noko for fellesskapet.

For styret i Rasdalen grendalag

Terje Rasdal

leiar

Rasdalen 07.04.07

